



Bjørg Inga F. Miljeteig har hatt mykje å gjera med opparbeiding av Friheim Gardsmat og det har gått ut over restaureringa av gamlahuset. Her syner ho fram fenalåra som heng og godgjer seg i det nyrestaurerte eldhuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bjørg Inga F. Miljeteig på Friheim har søkt om utsett frist med restaureringa av gamlahuset til 1. oktober og no rår landbrukssjef Karin Thauland til at landbruksavdelinga hos fylkesmannen seier ja til ei slik utsetjing.

Thauland viser til at mykje av arbeidet allereie er utsett. Ho er klar over at fristen for restaurering (som knytter seg til tildeling av SMIL-midlar) allereie er ute.

Men ho meiner at arbeidstilhøva i samband med opparbeiding av Friheim Gardsmat er ein svært god forklaring på at dei ikkje har vorten ferdige med arbeidet innan fristen.



Gamlahuset blir restaurert ferdig til sommaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)